



**DEN NORSKE KYRKJA
BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD**

MØTEBOK

Møte: 2-2022
Møtedato: Onsdag 4.5.2022
Møtestad: Viefluno
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Heidi Vold Ådnanes, Hans Otto Robberstad, Asbjørn Gundersen, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet og det lukkast heller ikkje å få inn vara for:
Åse Innvær og Odd Ingvar Nilssen

John Olav Habbestad leia møtet.

2022-02-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Godkjent

2022-02-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 1 – 2022

Godkjent

2022-02-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Staben

a. Tilsetjing av pedagogar

Det vart informert om at Sissel Steinsland Gåsland er tilsett i fast stilling som kyrkjelydspedagog, og at Elisabeth Vatland Fauskanger er tilsett i eitt års vikariat.

b. Velferdspermisjon

Kyrkjverje får innvilga 20% velferdspermisjon etter «småbarnsklausulen»

Vart vidare presisert at fellesrådet må ha klart føre seg at progresjon og framgang i fellesrådet sine saker er svært viktig.

2. Bømlo kyrkje prosjektet

Vart informert om det som er ferdigstilt (kor og kyrkjelydssalen), det som det gjenstår noko på (kjøkken, HC-WC) Vart også informert om saksgongen i forhold til å kle inn svalgongen.

3. Skoging ved Bømlo kyrkje

4. Vorland prosjektet ute på anbod

Vart presisert at ein må vera tydelegare i sine formuleringar. Formuleringa i denne meldinga seier ingen ting om kva prosjekt dette er. Dette gjeld utviding av gravplassen.

5. 400-årsjubileum Bømlo gamle kyrkje
Vart informert om programmet for dagen og at det var noko utfordringa med kantor frå Etne som var sjukemeldt og dermed ikkje kunne ha konsert. Vart informert om at det jobbast med alternativ.
6. London tur med ungdommar
36 ungdommar påmeldt frå alle dei 4 sokna. Svært gledeleg.
7. Revisjonsberetning 2021
Låg vedlagt. Ingen kommentarar.

2022-02-04 ÅRSREKNESKAP 2021

Det vart gjeve ein kort presentasjon av saka. Fellesrådet vart informert om den nye summen for bruk av disposisjonsfond i forhold til det som vart presentert i førebels årsrekneskap i 2022-01-06.

Det vart stilt spørsmål til budsjetttramma som var oppgitt på utvidinga av Vorland gravplass. Her stod det 3,4 mill. medan fellesrådet nyeleg innvilga revidert budsjett med ei ramme på over 10 mill. til dette.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsrekneskapen for 2021.**
- 2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtekt bruk av disposisjonsfond på 973 647,- (inkl. 814 419 rekneskapsmessig mindreforbruk som vart overført disposisjonsfondet før bruk.)**

2022-02-05 ÅRSMELDING 2021

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2021 slik den føreligg.

2022-02-06 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2022

Det vart gjeve ein kort presentasjon av 1. kvartalsrapport for 2022. Nokre nøkkeltal vart gjennomgått. Det var snakka om Bømlo kyrkjelege fellesråd sine mogelegheiter for å knyte seg på kommune når det gjaldt straumavtale, eller å få kjøpe noko til fastpris. Bør her få ei eiga sak å dette med fagleg innhald.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2022 til vitande.

I mail frå kyrkjeverje vart nokre andre problemstillingar som fellesrådet må ta stilling til lyfta fram:

- Skal Bømlo kyrkjelege fellesråd har medlemskap i Bømlo næringsråd?
Her vart det stilt spørsmål og drøfta rundt om fellesrådet skal vera medlem i næringsrådet eller bare samarbeidande par. Medlemskap forpliktar. Her må ein snakka meir med leiar i næringsrådet.
- Møtegodtgjersle fellesråd/sokneråd
Det vart snakka om soknerådsmedlemmene skal få noko form for møtegodtgjersle. Kven som i såfall skal ta stilling til dette og over kven sitt budsjett det skal gå. Det vart her også snakka om verdien av at noko er frivillig, og på det andre sida gjere det noko meir attraktivt å sitja i soknerådet ved neste val.

- Høgtalaranlegg i Bremnes kyrkje
- Klyppar til kyrkjegarden
- Stramme økonomiske rammer

Dei tre punkta over vart informert/snakka om i lag då det er fleire prekære behov som er såpass store at det vert vanskeleg å ta det over drift. Kva ynskjer fellesrådet å gjere med dette? Rammene er svært strame og ressursane avgrensa.

- Påvirkning av lokale politikarar/kommuneadministrasjonen osv. (kommunal representant)
Det vart sett ord på at fellesrådet har potensiale til å jobbe meir politisk overfor lokale politikarar når det gjeld å prøve å få auka rammene. Kyrkjeverje og formann har årleg møte mellom kommunedirektør og økonomisjef. Dette er viktig å oppretthalde.

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje